



Ole Ullahammer (i midten), omkransa av borna Ottar og Kirsti. Ole er 88 år, men sprek som ein føle så ei mil går lett. «Vi ville ha far med for å få vite gardsnamna her på Nogva, Longva og Rogne» fortel Ottar og Kirsti.

## Turmarsjhøg på øyane

**Haramsøy I.L. i samarbeid med U.L. Fram og U.L. Uredd stod for ei flott turmarsjhøg på øyane Haramsøy og Skuløy/Flemsøy. Frå fredagskvelden til søndag traska 229 turgåurar øyane rundt, langs vegar, i fjørekanten og på fjellet.**

### HN-Gunnar Standal

Arne Akselsen i Haramsøy I.L. er godt nøgd med oppsluttinga. Auken frå i fjor er stor, og dei tilreisande fekk i alle fall søndag oppleve øy-naturen på sitt beste. I tillegg fekk arrangørene ros for godt merka løyper i variert terregn.

Fredag stillte 60 opp på

kveldsmarsj over Myskjafjellet og Haramsskaret, trass vind og regn. Laurdag lokka nok handballfinalen vel så mykje som turmarsj, men likevel gjekk 67 menneske lang og kort løype over Haramsøya og Flem. Dei som enno ikkje hadde fått nok, kunne trakke dansen på Framtun om kvelden, men dei kilometerane fekk dei ikkje IVV-stemppling for.

Søndag vart goddagen med

102 til start frå Framtun på Rogne i godt austaver. Kort løype på 10 kilometer gjekk langs vegen, medan lang løype på 20 kilometer bar Skuløy/Flemsøy rundt.

Ungdomslaga sytte for mat til svoltne vandrarár, men plaster til blemmene måtte deltakarane syte for sjølve, mellom dei HN sin utsendte som fekk ein alle tiders tur i godt selskap rundt Skuløy/Flemsøy.